

Sykkylven sokneråd

## Møte i Sykkylven sokneråd 9.februar 2016

Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren kl. 19.30

**Desse møtte:** Torbjørn Støylen, May Lisbeth Hovlid Aurdal, Bjørg Djupvik Grebstad, Janne Beate Svindseth, Monica Orre, Helge Standal og Knut Henning Aursnes.  
Rose Iren Stave møtte til sak 11/16.

**Sak 05/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
*Vedtak: innkalling og sakliste vart godkjent.*

**Sak 06/16 Godkjenning av referat frå møte 12.01.2016**  
*Vedtak: referatet vart godkjent.*


**Sak 07/16 Song- og taleanlegget i Sykkylven kyrkje**  
Arild Sporsheim skriv: «Viser til samtale med leiar i soknerådet vedkomande kjøp av sub nr. 2 for plassering i kyrkjerommet, Sykkylven kyrkje. Denne investeringa var tiltenkt trinn 2, men på grunn av at miksaren mm. ikkje vart kjøpt via Gunnar Andås AS kom ikkje sub´en med på den investeringa. Eg ber difor om løyve til å utføre kjøp av sub nr. 2 med det første. Kostnaden for ein slik sub er kr. 20.000,- eks. mva.

Denne investeringa tenker eg kan sjåast i samanheng med at vi sparte om lag kr. 150.000,- på kjøpet av miksepulten.

Kjøpet av denne sub´en er eit viktig ledd i å ferdigstille song- og taleanlegget slik at vi fullt ut kan glede oss av anlegget til eige bruk, men også at det blir eit godt tilbud for utleige til konsertbruk etc.»

*Vedtak: Soknerådet gir kyrkjeverjen løyve til å gå til innkjøp av sub nr.2 i Sykkylven kyrkje til sum kr. 20.000,- eks.mva. Soknerådet gir også kyrkjeverjen løyve til å gå til innkjøp av ein mygg (trådlaus mikrofon), til stipulert kostnad kr 10.000,-.*

**Sak 08/16 Fokus-kurs på Angvik gamle handelssted.**  
Hausten 2014 var staben + sokneråda i Ikorndes og Sykkylven på eit kurs kalla FOKUS i Stavanger (sjå vedlegg). Dette kurset var svært inspirerende og ga mange tankar for vidare arbeid i kyrkjelydane. I ettertid har både Erlend Lunde og Helge Standal hatt permisjonar (Erlend 1 mnd. og Helge 2 mnd.) for å arbeide vidare med innhaldet i kurset, med siktemål om å tenke ein strategi for kyrkjelydsarbeidet i Sykkylven.  
No arrangerer Misjonshøgskulen i Stavanger i samarbeid med Møre bispedømme eit nytt FOKUS-kurs, her på Møre, på Angvik Gamle handelsstad, 29.sept. – 1. oktober. (Merk at det er frå TORSDAG kveld, ikkje frå FREDAG kveld som det står i vedlegget).



## Sykkylven sokneråd

Det nye soknerådet drøfta om dette er noko for soknerådet å vere med på, for å få del i same tankar og opplæring som det fleire i staben har vore med på i 2014

*Vedtak: Soknerådet vil prioritere dette og oppmodar alle i rådet til å melde seg på. Soknerådet dekkjer kostnadane til dette. Påmelding er innan 29.mars, og soknerådet tar endeleg stilling og opptelling på soknerådsmøtet den 15. mars.*

### **Sak 09/16 Temagudstenester hausten 2016**

Det har dei siste åra vore arbeidd med å ha temagudstenester i tillegg til dei vanlege gudstenestane som er basert på kyrkjeårets tekstar. I vår er det 5 tema henta frå boka «Helt enkelt». I tilknytning til temagudstenestene har det blitt utarbeidd samtaleopplegg for grupper. I Sykkylven har vi samarbeidd om dette med ei gruppe kyrkjelydar i Sandnes-området. Prestane i desse kyrkjelydane samlast 2 dagar kvart halvår for å planlegge neste temaserie. Sokneprest Helge Standal var med på samlinga i haust, og har vore med på å skrive samtaleopplegg. No er det planlagt ei ny samling i Rogaland, 22.-23. februar for å planlegge hausten 2016. Det gir veldig mykje «drahjelp» å vere med på denne planleggingssamlinga. Både Erlend Lunde og Helge Standal ynskjer å vere med på denne samlinga, dersom sokneråda synes dette med temagudstenester er viktig å satse på, og er innforstått med at kyrkjeverja dekker reise og opphald for desse to dagane.

*Vedtak: Soknerådet ser at arbeidet med temagudstenestene er svært viktig og vil dekkje kostnadane til fellessamlingane som Helge Standal og Erlend Lunde reiser på.*


### **Sak 10/16 Nye prosjektorar til kyrkjerommet**

Gunnar Andås har vore på besøk for å sjå på alternativ til nye prosjektorar i kyrkjerommet. Det har skjedd mykje på denne fronten etter at vi kjøpte dei vi har no. Det vert no arbeidd med at vi tek bort skjermane/lerreta og viser tekst/bilde rett på taket. Det er stipulert ein kostnad på i underkant av kr. 50.000,- for dette prosjektet. Gunnar Andås vil ta i retur dei skjermane og prosjektorane vi har i dag og selje dei for oss.

*Vedtak: Soknerådet gir kyrkjeverjen mandat til å inngå avtale om kjøp av dette i samråd med leiar i soknerådet. Kyrkjeverjen får løyve til å gi bort dei to gamle projektorane til eit godt formål.*

### **Sak 11/16 Utleige av Sykkylven kyrkje til konsertar**

Rose Iren Stave (kantor) møtte, la fram eit notat om konsertarbeid i Sykkylven kyrkje og orienterte om dette. Notatet følgjer som vedlegg.



## Sykkylven sokneråd

Kantor hadde ønske om å få i stand eit utval for å støtte arbeidet med å arrangere egne konsertar, serie med gratis inngang, kollekt ved utgang, kaffe og kaker, sosialt og diakonalt.

*Vedtak: Soknerådet ser positivt på at kantor set saman eit utval for å støtte arbeidet med å arrangere egne konsertar. Soknerådet delegerer til kantor utleige av kyrkja til konsertar. Soknerådet vil at det i desember ikkje skal vere meir enn ein konsert med utanbygds arrangør.*

### Orientering om:

Soknerådet må velje representant til Kirkens SOS i Møre og Romsdal. Normann Fauske var representant frå det førre soknerådet og vil ha avløyning. Torbjørn Støylen tek på seg å vere kontaktperson/representant.

Ilyas Degirmenci var representant/ansvarlig for Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i Sykkylven det førre soknerådet og vil ha avløyning. Bjørg Djupvik Grebstad vart valt til ny representant/ansvarlig.

I sak 38/15 bad soknerådet kyrkjeverj om å administrere flytting av lerret og montering av høgtalar-anlegg i kyrkjestova. Dette arbeidet vert no starta. Kyrkjeverjen fekk mandat til å innhente tilbod på bygging av nytt podium i kyrkjestova. Det er tenkt at ein spør nokon av «Madagaskarane» om å ta på seg dette arbeidet.

VI har ikkje i dag misjonsutval. May Lisbeth Aurdal kom med innspel til korleis vi skal få eit aktivt misjonsutval med nye medlemmer. Det kom fram forslag om ulike kandidatar som May Lisbeth skal arbeide vidare med.

Monica Orre skal undersøke til neste soknerådsmøte om ho kan få kandidatar til eit barne- og ungdomsutval.

Årsmøte i Sykkylven sokn vert 10.april etter gudstenesta.

### Møteplan for 2016:

Dato:                      Aktivitet:

15.mars	Planlegging av årsmøte i soknet. Årsmelding og rekneskap
26.april	Givarteneste: Kva gjer vi for å auke deltakinga?
7.juni	
2.september	Felles samling soknerådet og staben på Orreneset
11.oktober	
8.november	
6.desember	Evaluering av året. Val av leiar, nestleiar og referent

# Konsertarbeid i Sykkylven kyrkje

Kyrkja er eit Gudshus.

Kyrkja er eit kulturbygg.

Musikk opnar dører. Andre dører. Song og musikk har ein stor plass i kristenlivet og i Bibelen.

Konsertarbeid, eigne arrangement og utleige av kyrkja, er ein del av Soknerådet sitt arbeid.

Kantor og organist er dei tilsette fagpersonane for kultur og musikk.

Organistane er med i Sykkylven song og musikkråd, og samarbeider med musikklivet i bygda.

Soknerådet delegerer vanlegvis sitt konsert-ansvar til kantor, eventuelt eit fagutval/musikkutval der kantor er med/leiar.

Kantor samarbeider med dagleg leiar og kontorassistent om utleige til konsertar.

## Planar / kva vil vi

- Lokale arrangørar blir prioriterte ved utleige framfor utanbygds arrangørar.
- Ikkje ha for tett program. Særleg i desember har det hatt lett for å bli mykje, og vi har takka nei til kommersielle konsertar.
- Ha våre eigne konsertar. Både profesjonelle utøvarar og musikarar frå bygda. Serie med gratis inngang, kollekt ved utgang, kaffe og kaker. Sosialt, diakonalt.
- Støtte opp under, og vere ein ressurs for, lokalt musikkliv.
- Årlege felles julekonsertar i begge kyrkjene, med lokale kor og korps, og kollekt til song- og musikkarbeidet i kyrkjene. Sokneråda sitt arrangement, ein stor tor dugnad for kyrkja frå musikklivet.
- Nyttårskonserten kom i stand som ei stor musikkandakt istadenfor ei gudsteneste, med prest, organist og kyrkjetenar. Denne er no blitt ein rein konsert v/song- og musikkrådet.
- Ha godt samarbeid med song- og musikkrådet og dei ulike song- og musikkklaga i bygda.
- Administrere kyrkjebygga på ein god måte for bygda sine song- og musikklag.

*« Lov Han med trommer*

*og dans. Lov Han med*

*strengespel og fløyte.» Ps150,4*

Sykkylven, 09.02.16  
Rose Iner Stave, kantor